



To uskedalsjenter på pallen. Kathrine Saghaug var 1cm bak Sara Guddal, RT, i lengde, medan Solveig Haugland vart bronsevinnar.

I dag vart Kvinnheradsmeisterskapet i friidrett arrangert på Heio. I duskregn og med skodda som låg langt ned i fjellsidene var det både spenning og stemning som kalla fram dei gode minnene. Sist det vart arrangert KM på Heio var i 1991 i følgje nokå påliteleg hald. Kjelda vår vart sjølv Kvinnheradsmeister den gongen; no var han tilbake i den viktige foreldrerolla.



Ida M. Eidsvik i kuleringen.

KLIKK PÅ BILETA SÅ VERT DEI STØRRE.

Til saman var det påmeldt 33 deltakarar. Største klubb var Herøysund idrettslag med 13 deltakarar. Denne klubben har over lang tid imponert med stabil og god aktivitet i friidrettsgruppa. Frå arrangørklubben var det 10 deltakarar medan det var 5 frå Rosendal og 3 frå Trio. I tillegg stilte ein meir langveisfarande utøvar frå Harding, Daniel Dukstad. Han stilte dermed utanfor konkurranse i KM, men leverte eit imponerande løp på 600m.



Allsidige Viljar S. Tveit i luftig og godt lengdehopp.

Det vart konkurrert i årsklassane 10-19 år, og det var 4 øvingar i kvar klasse: 60m(100m), lengde, kule og 600m(800m). Dei fleste stilte opp i fleire øvingar, og dermed vart det totalt over 100 startar.



Spente gutar på startstreken på 60 m. Viljar S. Tveit i gult og Kristian K. Hansen i rødt med gul hue.

Det har vore gjort eit imponerende dagnadsarbeid med banen gjennom sommaren, og dermed var det forholdsvis gode forhold. Deltakarane gjorde ein flott innsats og det var mange tette og spennande duellar. Publikumsmessig vart nok avslutningsøvinga 600m og 800m høgdepunktet. Her var vi vitne til knallharde startlangsider, solide rykk, kjempemessig innsatsvilje og imponerende sisu i avslutningar. Spennande og kjekt var det å følgja dei unge løparane, og her var vi verkeleg vitne til mange talent!



Så glad vert ein Kvinnheradsmeister. Ella Karina Hjørnevåg.

Desse 10 deltok frå Uskedal il.: Ella Karina Hjørnevåg(J-10), Hanna Tvilde(J-11), Ida Marie Eidsvik(J-11), Veslemøy Haugland(J-13), Kathrine Saghaug(J-14), Solveig Haugland(J-14) Tørres M. Lekva(G10), Joacim Sjo Musland(G-10), Kristian Hansen(G-11) og Viljar Simonnes Tveit(G-11).



Gode spurteigenskapar er viktig!! Joacim S. Musland spurtar inn til gull og Tørres M. Lekva til bronse på 600m.

Viljar, Ella Karina, Hanna, Veslemøy og Joacim kan alle smykka seg med tittelen Kvinnheradsmeister, medan dei andre gjorde god innsats og sikra seg medaljar. Endeleg resultatliste kjem seinare.



Tre jenter som imponerte stort då dei vart Kvinnheradsmeistrar på 600m, Veslemøy Haugland, Ella Karina Hjørnevåg og Hanna Tvilde. Kjempeløp av alle tre og her er dei fotografert då dei pustar ut like etter målpasering!!

Fleire fine bilde frå den kjekke dagen på Heio finn de på idrettslaget si heimeside ved å klikke [her](#).

Av: Thor Inge Døssland.